



Noregs  
vassdrags- og  
energidirektorat

NVE

Øvre Naustdal Utmarkslag  
v/Olav Svoen  
6817 NAUSTDAL

Vår dato: 17 OKT. 2012  
Vår ref.: NVE 201103596-6 rv/sav  
Arkiv: 311 /084  
Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane

## 10852 - Tilsegn om tilskot til attendeføring av elvelaup ved Svo- og Nesvatnet - Naustdal kommune.

Vi syner til søknaden dykkar dagsett 07.10.12 om tilskot til attendeføring av elvelaup ved Svo- og Nesvatnet. NVE gir tilsegn om tilskot på 100 % av kostnadene for miljøtiltaket, innafor ei ramme på 122.500 kr.

### Bakgrunn for og omtale av tiltaket:

Øvre Naustdal Utmarkslag har dei seinare åra registrert ein lågare vasstand om sommaren i Svo- og Nesvatnet samanlikna med tidlegare år. Dette har m.a. ført til auka attgroing av vassgras langs vatnet, noko som truleg vil påverke m.a. fisket i negativ lei. I tillegg har det ved utlauget til Nausta lagt seg opp lausmassar langs kantane, slik at flaumvasstanden i vatna har auka monaleg.

Tiltaket har eit kostnadsoverslag på 98.000 kr eksklusiv mva – 122.500 inkludert mva.

### Naturverdiar:

Nausta vart verna i suppleringsplan 18.02.2005, og det er store biologiske og landskapsmessige verdiar knytt til vassdraget. Nausta er òg nasjonalt laksevassdrag, noko som inneber at tiltak som kan skade fisken i den anadrome delen av vassdraget ikkje skal tillatast. Fylkesmannen har i brev dagsett 02.08.11 rådd til at tiltaket kan gjennomførast.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

#### Hovedkontor

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

#### Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

#### Region Nord

Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

#### Region Sør

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

#### Region Vest

Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

#### Region Øst

Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

**Vedtak:**

NVE gir med dette Øvre Naustdal Utmarkslag tilsegn om tilskot til finansiering av attendeføring av elvelaup ved Svo- og Nesvatnet. NVE vil dekke 100 % av kostnadene innanfor ei ramme på 122.500 kr. Kostnader til moms inngår i tilskotsgrunnlaget, medan administrasjonskostnader ikkje inngår.

**Vilkår:**

Vårt vedtak i brev dagsett 09.09.2011 skal følgjast, samt dei signal frå oss v/Nordvik som vart gjeve under synfaring 04.10.12. Vi vil då særleg peike på merknadane frå fylkesmannen om at tiltaket bør skje ved så låg vassføring som mogleg og i ei tid der det ikkje er rogn i grusen (juli til og med oktober). Arbeidet med tiltaket bør òg gjerast slik at det sikrar fisken si frie ferdsel, også ved låg vassføring. Endeleg må kantvegetasjon som vert skipla i samband med gravearbeidet revegeterast med stadbundne plantar.

Prosjektet må være ferdig og sluttrekneskapen oversendt NVE innan 31.10.2015.

Tilskotet vert utbetalt når anlegget er gjennomført, synfare av NVE og utgiftene er dokumentert. Delar av tilskotet kan betalast undervegs på grunnlag av rekneskapsversikt for medgåtte utgifter. Vi tek atterhald om at tidspunktet for betaling avhenger av tilgjengelege budsjettmidlar på det aktuelle tidspunktet, og at det derfor kan bli aktuelt å skyve betalningar noko utover i tid i høve til søkjar sine ynskjer. Om tiltaket vert ferdigstilt inneverande år, kan vi derimot utbetale tilskotet i år.

Tilskotet vert utbetalt på grunnlag av tilsendt faktura. Vi vil gjerne at faktura i PDF-format vert sendt pr. e-post direkte til fakturamottaket vårt: [faktura@nve.no](mailto:faktura@nve.no). Fakturaer skal merkast med tiltaksnummeret "10852 Attendeføring av elvelaup ved Svo- og Nesvatnet".

Vi understrekar at tilsegna vår ikkje inneber løyve til å starte arbeidet. Saka må avklarast etter plan- og bygningslova sine føresegner, samt i høve andre aktuelle lover/føresegner der m.a. kommunen har avgjerdsmynde. Vi gjer også merksam på at tiltakshavar sjølv må avklare dei private interessene som kjem i kontakt med tiltaket, også rett til grunn der tiltaket skal plasserast. NVE vurderer ikkje dei privatrettslege tilhøva ved gjennomføring av tiltaket.

Det er også ein føresetnad at tiltakshavar tek ansvaret for framtidig tilsyn med og vedlikehald av anlegget. NVE Region Vest skal varslast før arbeidet vert sett i gong og skal ha høve til å følgje opp tiltaket.

I samsvar med løyvingsreglementet § 10 andre ledd, vert det teke atterhald om at NVE og Riksrevisjonen kan setje i verk kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadane.

**Grunngjeving for vedtaket**

Saka gjeld attendeføring av utlaupet til Nausta frå Nesvatnet, noko som påverkar vasstanden også i Svovatnet. Det er søkt om tilskot på kr 62.500 til tiltaket, medan kostnaden er utrekna til 122.500 inkludert mva. NVE finn at tiltaket har høg nytteverdi i høve til kostnadene, og legg særleg vekt på at tiltaket vil betre fisketilhøva i Svo- og Nesvatnet, samt auke dei estetiske opplevingane ved vatna. Dette er då å sjå på som eit miljøtiltak. Ved miljøtiltak opnar våre retningsliner for at vi kan løyve inntil 100% av kostnadane med tiltaket. Vi legg til grunn at søkjar ikkje har hatt kjennskap til dette og justerer søknadssummen deretter.

Søklar får ikkje refundert kostnadene til moms, og mva er derfor teke med i tilskotsgrunnlaget. Vi finn det rimelig at søklar dekkjer sine eigne administrasjonskostnader, og desse inngår derfor ikkje i tilskotgrunnlaget.

### Høve til å klage

Denne avgjerda kan klagast på til Olje- og energidepartementet av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunkt denne underretninga er komen fram, jf. forvaltningslova kapittel VI. Ei eventuell klage skal grunnjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til den sentrale e-postadressa vår: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no).

Med helsing



Gunnstein Brakestad  
regionsjef



Inge Lavoll  
sjefingeniør

Kopi: Naustdal kommune, Postboks 43, 6806 NAUSTDAL